

Investeringsmidlar til tiltak i beiteområde 2019

Fylkesmannen i Vestland lyser med dette ut investeringsmidlar til tiltak i beiteområde for 2019. Totalt er ramma på kr. 2 300 000,-.

Søknadsfrist er **1. mars**.

Om tilskot til tiltak i beiteområde

Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda. Midlane skal forvaltast i tråd med *Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder (FOR-2013-02-04-206)*. Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjar beiting i eit område, men i hovudsak skal tiltaka vere stasjonære. Døme på aktuelle tiltak:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerder for å sikre at dyr ikkje kjem over i farleg område
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakingsutstyr

Prioriteringar for 2019

- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk
- Faste installasjonar og kostnadskrevjande investeringar

Rettleiande timesatsar for eige arbeid 2019:

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l): 350 kr/time
- Bruk av traktor : 600 kr/time
- Gravemaskin: 800kr/time (eller etter rekning)

Tilskotssatsen vert tilpassa søknadsmengda.

Søknad

Beitelag sender søknad om tilskot til kommunen.

Søknadsfrist **1. mars 2019**. Du finn søknadsskjema [her](#). Hugs naudsynte vedlegg, som kart og løyver mm. Kommunen sender søknaden vidare til fylkesmannens landbruksavdeling saman med sin uttale innan **22. mars**.

Kontakt

Randi Erdal

5764 3073

fmsf@fylkesmannen.no

Kari des Bouvrie

5557 2022

fmhokdb@fylkesmannen.no